

## Høyringsuttale

Innsendt	30.09.2024 19.49.30
ReferanselD	KINN005-1715310
<b>Innleiing</b>	
<b>Innleiing</b>	
Har du/de fått tilsendt høyringssaken i adressert sending frå kommunen?	
<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
Saknr Samfunnsplan	Namn på høyringssak

<b>Opplysningar om innsendar</b>	
<b>Innsendar</b>	
Uttalen er	
<input checked="" type="checkbox"/> Personleg	
<input type="checkbox"/> På vegne av føretak / lag / foreining	
<b>Opplysningar om innsendar</b>	
Fødselsdato 05.03.1954	
Fornavn Svein Ove	Etternavn Dybedal
Adresse Revefaret 5	
Postnr/sted 6908 FLORØ	
Telefon privat 90666232	jobb
E-postadresse sveinove.dybedal@icloud.com	

<b>Uttale</b>
<b>Uttale</b>
Uttale til saka
Til Planavdelinga v/Kinn kommune
Eg ønskjer å uttrykke mi bekymring over Kinn kommune sin samfunnsplan som legg til rette for havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø. Eg stiller meg bak krava frå Florø Bulyst og Naturvernforbundet, og vi må ta vare på vår felles nærvær.
Tålegrensa for nedbygging av naturen er no nådd. Vi ønskjer ikkje havvindturbinar på 300 meter i

Florø eller sprenging av vår unike skjergard. Dette vil få alvorlege konsekvensar for lokalsamfunnet og miljøet.

I lys av Naturavtalen har vi eit ansvar for å verne meir natur enn vi byggjer ned. Vi skal stanse naturtapet og få meir natur, redusere avtrykket frå produksjon og forbruk, og samstundes nå klimamåla våre. Dette er ei stor omstillingssoppgåve, og slik samfunnssdelen no er lagt opp, er ikkje nærnaturen vår tilstrekkeleg verna. Det gir ikkje rom for ei reell omstilling, men legg til rette for vidare øydelegging, trass i mange fine formuleringar.

For å vere attraktive må vi bevare vår skjønne nærnatur, og satse på mindre arealkrevjande næringar. Over ti prosent av norske kommunar har vedteke mål om arealnøytralitet, og det pågår mange prosessar for å auke kunnskapen om naturen ved å måle naturkvalitetar for å vurdere oppnåinga av arealnøytralitet. Likevel finst det ingen klar definisjon av kva dette faktisk inneber. Det er difor behov for klare retningslinjer for kva arealnøytralitet skal bety.

Eg foreslår følgjande endringar og prinsipp for arealforvaltninga i Kinn/Florø:

1. Kinn kommune må sette mål om arealnøytralitet. Dette vart fjerna frå planen i juni, men må bli tatt inn att.
2. Punktet om havvindindustri må ut av planen. Om éi næring blir nemnt spesifikt, må også andre potensielle næringar inkluderast for å sikre ein rettferdig og balansert plan.
3. Der er ein asymmetri i korleis næringslivet og innbyggjarane blir inkluderte i utviklingsprosessane. Det må leggast til rette for enklare og meir inkluderande prosessar for innbyggjarane. Vi ønskjer å bli høyrde og involverte, men prosessane må forenklast for å sikre reell deltaking.
4. Det vidare kommuneplanarbeidet må innføre krav til energibudsjet og arealeffektivitet, og desse krava må gjelde som rekkefølgekrav i prosessen framover. Det er avgjerande viktig å ha oversikt over kor mykje energi og areal pr. arbeidsplass ulike utbyggjarar budsjetterer med. Dette er viktig fordi det er lokalsamfunnet og kvar enkelt innbyggjar som betalar for dette i form av tap av nærnatur og auka nettleige ved stadig nye kraftlinje- og kabelutbyggingar.
5. Oppheving av kommunedelplanen for Florelandet Nord. Kommunedelplanen for Florelandet Nord er meir enn 10 år gammal, og er difor utdatert i lys av dagens krav og norske forpliktingar under FNs Naturavtale.

Vi treng å sette ei klar grense for å verne om nærnaturen vår. Det er avgjerande for framtida at vi tek grep no for å sikre at Florø forblir ein levande, attraktiv by for både menneske og natur i framtida.

Med helsing,  
Svein Ove Dybedal  
Relefaret 5  
6908 Florø

#### Vedlegg

Ingen vedlegg er lagt til